

Utdanning, sysselsetjing og tidlegpensjonering blant seniorar i 2002 og 2006

Av JORUNN FURUBERG

SAMANDRAG

Utdanningsnivået blant kvinner og menn i aldersgruppa 62–66 år auka frå 2002 til 2006. Prosentdelen av seniorane som hadde utdanning utover grunnskolen auka, og fleire hadde fullført vidaregåande og høgare utdanning. Det er store forskjellar mellom kvinner og menn i denne aldersgruppa, både når det gjeld utdanningsnivå og fagfelt. Kvinnene dominerer med utdanningar innan helse-, sosial- og idrettsfag, medan mennene dominerer innan naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag.

Sysselsettinga er høgast blant seniorar med høgare utdanning, særleg blant dei med lang høgare utdanning. Dette skuldast først og fremst at det er færre uførepensjonistar blant dei med høgare utdanning. Menn har høgare sysselsetjing enn kvinner innanfor alle utdanningsnivå i denne aldersgruppa, og sysselsetjinga auka for begge kjønn på alle utdanningsnivå frå 2002 til 2006. Auken er størst for dei med utdanning på vidaregåande nivå. Blant desse var det i 2006 flest sysselsette med utdanning frå primærnæringsfaga. Både kvinner og menn med allmennlærerutdanning skil seg ut med låg sysselsetjingsprosent i 2006.

Frå 2002 til 2006 var det ein nedgang i prosentdelen uføre i aldersgruppa 62–66 år. Nedgangen var størst for menn. Innanfor denne aldersgruppa finn vi flest uføre blant dei som har utdanning på grunnskolenivå, men i einskilde utdanningsgrupper på vidaregåande og høgare nivå er det også mange uføretrygda. I dei største utdanningsgruppene for kvinner på vidaregåande nivå er det mange uføretrygda blant dei med helse- og sosialfagleg utdanning, og blant menn finn vi tilsvarende mange uføretrygd blant dei med utdanning innan byggfaga som tømrrar og røyrlleggjar. Blant kvinnelege seniorar med høgare utdanning, var det utdanningsgruppene sjukepleiar og allmennlærer som hadde høgast prosentdel uføre, medan vi fann den høgste prosentdelen uføre menn blant dei som hadde bakgrunn frå humanistiske og estetiske fag og undervisningsfag. Også blant menn er det mange uføre med allmennlærerutdanning.

Avtalefesta pensjon (AFP) er vanlegast blant dei som har høgare utdanning til og med fire år. Frå 2002 til 2006 var prosentdelen kvinner som har AFP om lag uendra, medan det var ein nedgang blant mennene. Både blant kvinner og menn er det fleire AFP-mottakarar blant dei med vidaregåande og høgare utdanning enn blant dei som har grunnskoleutdanning. Undervisningsfaga skil seg ut med mange AFP-mottakarar på høgare nivå.

Det kan synast noko overraskande at vi finn flest AFP-mottakarar blant dei med kort høgare utdanning. Ei årsak til dette er at mange seniorar med lågare utdanning har vorte uføre og avslutta yrkeskarrieren før dei fylte 62 år, men og at fleire med høgare utdanning er sysselsette når dei fyller 62 år. Det er også mogleg at dei med høgare utdanning noko oftare har rett til AFP enn dei med lågare utdanning.

Ser vi uføretrygd og AFP under eitt, er prosentdelen som har trekt seg ut av arbeidslivet høgast blant dei som har utdanning på grunnskolenivå, men forskjellane mellom dei ulike utdanningsnivåa er mindre enn om ein ser på uføretrygd og AFP kvar for seg. Blant kvinner er det samla sett om lag like mange tidlegpensjonistar blant dei med høgare utdanning til og med fire år som det er blant kvinner med vidaregåande utdanning. Dei utdanningsgruppene som i størst grad trekkjer seg tidleg ut av arbeidslivet har utdanning på vidaregåande nivå innan naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag samt helse-, sosial og idrettsfag, eller utdanning innan undervisningsfaga blant dei med inntil fire år høgare utdanning. Allmennlærarar skil seg ut som ei gruppe med mange tidlegpensjonerte kvinner og menn. Blant kvinner er det også mange tidlegpensjonerte sjukepleiarar.

INNLEIING

Artikkelen gir eit oversyn over korleis sysselsetjing, uføretrygd og uttak av avtalefesta pensjon (AFP) varierer etter utdanningsnivå og type utdanning blant dei som var i aldersgruppa 62–66 år i åra 2002 og 2006. Tala vi presenterer for 2002 gjeld personar som blei født i åra 1936 til 1940, og tilsvarande gjeld tala for 2006 personar som blei født i åra 1940 til 1944. Felles for desse generasjonane er at dei i liten grad fekk del i dei store utdanningsreformene som kom på 1950- og 1960 talet. Kvinnene som utgjer seniorane i arbeidslivet vaks opp i ei tid då det var mindre vanleg for kvinner med barn å vera yrkesaktive. Dette har påverka både val av utdanning, og tilpassing på arbeidsmarknaden gjennom yrkeskarrieren, for desse generasjonane av kvinner. Sysselsetjinga aukar generelt med aukande utdanning, samstundes som sysselsettingsnivået blant dei eldste i yrkesaktiv alder er lågare enn blant dei som er noko yngre. Mange

i aldersgruppa 62–66 år er heilt eller delvis ute av arbeidslivet som mottakarar av uføretrygd eller avtalefesta pensjon (AFP). Uføretrygd er ei generell ordning og gir personar med varig nedsett arbeidsevne, som fyller vilkåra for uføretrygd, høve til heilt eller delvis å trekkja seg ut av arbeidsmarknaden. AFP er ei pensjonsordning som ikkje stiller vilkår om nedsett arbeidsevne. For å ha rett til AFP må ein i utgangspunktet arbeida i ei verksemd som er med i AFP-ordninga. I tillegg må ein fylla dei individuelle vilkåra, som mellom anna er anten å ha vore tilsett i ei verksemd som er med i AFP-ordninga dei siste tre åra før ein går av, eller at ein har vore tilsett i til saman 5 år i ulike verksemdar som er med i ordninga. AFP er såleis ei generell frivillig tidlegpensjonsordning som gjeld for alle i alderen 62–66 år som fyller desse vilkåra.

Utdanningsnivået er lågare blant seniorane enn i yngre generasjonar. Generelt er det slik at sysselsettingsprosenten aukar med aukande utdanning. Likevel er det skilnader i

Datagrunnlag

Data til artikkelen baserer seg på individdata for alle personar i alderen 62–66 år som var busette i Noreg per 1. november i 2002 og i 2006. Data er henta frå Statistisk Sentralbyrå sitt System for persondata. Vi har data om høgste fullførte utdanning per oktober dette året, samt alder, kjønn, sysselsetjing og mottak av uføretrygd og AFP. Alderen er den alderen ein fyller i løpet av observasjonsåret. Personar er definert som sysselsette i samsvar med SSB sin definisjon for sysselsetjing, og gjeld for 4. kvartal i observasjonsåret. Opplysningar om mottak av uføretrygd og AFP er tilsvarande frå november i observasjonsåret. Ein del av dei personane som mottok uføretrygd, eller er AFP-mottakarar, kombinerer pensjon med arbeid. Tala vi presenterer for uføretrygd og AFP omfattar alle som er mottakarar uavhengig av om dei har gradert pensjon og/eller kombinerer pensjon og arbeid. På same måte omfattar tala over dei sysselsette alle sysselsette uavhengig av om dei kombinerer arbeid og pensjon.

Utdanningsdata er gruppert med utgangspunkt i høgaste fullførte utdanning i SSB sin utdanningsstatistikk, ny gruppering. I artikkelen er utdanningsnivå definert slik:

Grunnskolenivå: Utdanning til og med grunnskole, (nivå 1 og 2 i SSB sin utdanningsstatistikk).

Vidaregåande utdanning: Utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole pluss utdanning på mellomnivå (nivå 3, 4 og 5).

Høgare utdanning, inntil 4 år: Universitets- og høgskoleutdanning, lågare nivå (nivå 6).

Høgare utdanning, over 4 år: Universitets- og høgskoleutdanning, høgare nivå (nivå 7).

Forskarutdanning: Forskarutdanning (nivå 8).

Ukjent utdanning: Ingen opplysningar om utdanning.

I tillegg til utdanningsnivå har vi også delt inn datamaterialet etter type utdanning for dei med vidaregåande og høgare utdanning. Materialet er inndelt etter dei utdanningstypene som er mest relevante for kvinner og menn i denne aldersgruppa. Gruppa av personar som har utdanning på forskarnivå er så lita at det ikkje er meningsfylt å dela gruppa vidare inn etter utdanningstype.

Syssette:

Definisjonen av syssette samsvarer med den registerbaserte sysselsettingsstatistikken til Statistisk Sentralbyrå. Referansetidspunktet er ei gitt veke i november. For å bli klassifisert som syssette i statistikken legg ein til grunn dei same kriteria som vert brukt i Arbeidskraftundersøkinga (AKU): Personen har utført arbeid av minst ein times varighet i referanseveka, eller var mellombels fråverande frå slikt arbeid.

Hovudkjelda til data om lønstakarar er Arbeidstakar – arbeidsgjevarregisteret (AA-registeret), kopla med lønsinformasjon frå Løns- og trekkoppgåverregisteret (LTO). I tillegg er det brukt informasjon frå Verneplikts- og siviltenesteregisteret, lønsregister frå stat og kommune (PAI, Statens tenestemannsregister, og data frå arbeidsgjevarforeininga NAVO). Sjølvstendig næringsdrivande vert identifisert ved hjelp av opplysningar om næringsinntekt frå Sjølvmeldingsregisteret.

sysselsettingsprosenten blant personar med ulik type utdanning på same nivå. Problemstillinga i denne artikkelen er å sjå på korleis sysselsetjing og tidlegpensjonering varierer for seniorar med ulik utdanning. Er det einsskilte typar utdanning som skil seg ut med særskilt høgt eller lågt sysselsetjingsnivå? Det er også fleire uføretrygda blant dei med lågare utdanning enn blant dei med høgare utdanning. Er det nokre utdanningar som skil seg ut frå dette mønsteret? Er det slik at prosentdelen AFP-mottakarar varierer med utdanningsnivå? Er det einsskilte utdanningstypar som skil seg ut med høg eller låg prosentdel AFP-mottakarar?

AUKE I UTDANNINGSNIVÅET FRÅ 2002 TIL 2006

Figur 1 viser at utdanningsnivået blant seniorane auka frå 2002 til 2006. I 2002 hadde 31,9 prosent av mennene og 39,9 prosent av kvinnene grunnskoleutdanning som høgaste fullførte utdanning. Tilvarande tal for 2006 var 25,6 prosent for menn og 32,0 prosent for kvinner. Både blant kvinner og menn er det ein auke i prosentdelen av seniorane som har vidaregåande og høgare utdanning frå 2002 til 2006. I 2006 utgjer 62- og 63 åringane ein større del av dei i alderen 62–66 år enn det dei gjer i 2002. Dette skuldast at dei store fødsleskulla i 1943 og 1944 er 62 og 63 år i 2006. I datamaterialet vårt har vi funne at det er ein auke i utdanningsnivået for kvart alderstrinn frå 2002 til 2006. Likevel er det store skilnader mellom kjønna når det gjeld utdanningsnivå. Begge åra er det langt fleire kvinner enn menn som ikkje har utdanning utover grunnskolen, samstundes som det er langt fleire menn enn kvinner som har fullført meir enn fire års høgare utdanning.

MENN OG KVINNER HAR ULIK UTDANNING

Tabell 1 viser menn og kvinner i alderen 62–66 år etter type utdanning blant dei som har fullført utdanning på vidaregåande og høgare nivå i 2002 og i 2006. Tabellen viser at kvinner og menn har ulik type utdanning på alle nivå.

Blant seniorane er det om lag like mange menn og kvinner med utdanning på vidaregåande nivå. I 2006 hadde 48,4 prosent av kvinnene, og 48,6 prosent av mennene, utdanning på dette nivået. Ser vi på type utdanning, er det store forskjellar mellom kjønna. Kvinnene er i fleirtal innan allmenne fag, økonomisk administrative fag og helse- og sosialfag. For kvinner med vidaregåande utdanning er utdanning innan allmenne fag den vanlegaste. Bland menn dominerer utdanningar innan naturvitskap, handverk og teknikk. I 2006 hadde heile 44,2 prosent av mennene med vidaregåande utdanning frå


denne faggruppa. Særleg er det mange menn med utdanning innan maskin- og mekaniske fag. Heile 16 prosent av mennene i 2006, hadde utdanning frå denne faggruppa. Innan helse- og sosialfaga, der vi finn meir enn ei av fem kvinner med vidaregåande utdanning, finn vi svært få menn.

Også når det gjeld høgare utdanning til og med fire år er det små forskjellar mellom kjønna når det gjeld talet på personar med slik utdanning. Likevel er det slik at kvinner og menn har valt svært ulike typar utdanning. Blant kvinner dominerer undervisningsfaga og helse-, sosial- og idrettsfaga. Meir enn sju av ti kvinner som har utdanning på dette nivået har utdanning frå desse faggruppene i 2006. Sjukepleiarar og allmennlærer med vidaregåande utdanning er dei største einskildutdanningane blant kvinner med utdanning på dette nivået i 2006.

Blant mennene i aldersgruppa 62–66 år dominerer utdanningar innan naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. I 2006 hadde 37,7 prosent av mennene med høgare utdanning til og med 4 år, ei utdanning innan dette fagfeltet. Mange menn har ingeniørutdanning, og særleg er det mange menn som har ingeniørutdanning innan mekaniske fag. Det er også mange menn som har utdanning innan undervisningsfag, dette gjeld 31,0 prosent av mennene med utdanning på dette nivået i 2006.

Langt fleire menn enn kvinner i aldersgruppa 62–66 år

Figur 1:
Kvinner og menn i alderen 62–66 år etter høgaste fullførte utdanningsnivå, 2002 og 2006.



KJELDE: NAV, SSB

har meir enn fire år høgare utdanning. Blant kvinnene er det flest som har lang høgare utdanning innan humanistiske og estetiske fag. I 2006 gjaldt dette kvar tredje kvinne på dette utdanningsnivået. Mange kvinner har utdanning innan helse-, sosial – og idrettsfaga og innan undervisningsfag. Blant kvinner med høgare utdanning over fire år har ei av ti utdanning innafør naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag.

For menn med høgare utdanning over fire år dominerer fagfeltet naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. 37,9 prosent av mennene har utdanningar frå dette fagfeltet. Særleg er det ein stor prosentdel menn med utdanning som sivilingeniør. Om lag kvar femte mann i alderen 62–66 år med utdanning på dette nivået var i 2006 utdanna som sivilingeniør. Det er også mange menn med høgare utdanning over fire år som har utdanning innan helse-, sosial og idrettsfag, 14,7 prosent i 2006.

SYSSELSETTE ETTER UTDANNING

Fleire menn enn kvinner er sysselsette, dette gjeld innafør alle utdanningsnivå. I 2006 er totalt 40,9 prosent av kvinnene og 52,9 prosent av mennene i alderen 62–66 år sysselsette. For både kvinner og menn er sysselsetjingsprosenten klårt stigande med utdanningsnivå. Frå 2002 til 2006 auka sysselsetjinga sterkt for begge kjønn. Dette skuldast at sysselsetjinga auka innan alle utdanningsnivå, samstundes som utdanningsnivået blant seniorane var høgare i 2006 enn i 2002. Ei anna viktig årsak er at 2006 var eit år med høg etterspunad etter arbeidskraft, medan det i 2002 var lågkonjunktur. Demografiske endringar gjorde at det relativt sett var fleire 62- og 63-åringar blant seniorane i 2006 enn i 2002. I datamaterialet vårt har vi funne at sysselsetjinga blant seniorane auka også når vi tar omsyn til dei demografiske endringane blant seniorane.

Frå 2002 til 2006 auka sysselsetjinga blant seniorane både for kvinner og menn innan alle utdanningsnivå. Tabell 2 viser sysselsette etter utdanningsnivå og type utdanning for kvinner og menn i alderen 62–66 år i 2002 og i 2006. I 2006 var 44,0 prosent av kvinnene og 52,1 prosent av mennene med utdanning på vidaregåande nivå sysselsette. For kvinner på dette utdanningsnivået auka sysselsetjinga med 4,7 prosentpoeng frå 2002 til 2006, blant menn var det tilsvarende ein auke på 4,1 prosentpoeng.

Blant kvinner med utdanning på vidaregåande nivå i 2006 var sysselsetjinga høgast for dei med utdanning innan primærnæringsfag og helse- og sosialfag, naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. Over halvparten av kvinnene som er utdanna hjelpepleiarar var sysselsette. Sysselsetjingsprosenten var lågast blant dei med utdanning innan innan samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag, samt naturvitskaplege fag, handverks-


fag og tekniske fag. Blant menn med vidaregåande utdanning var sysselsetjinga høgast for dei med utdanning innan primærnæringsfag, der 71,4 prosent var sysselsette i 2006. Også blant menn var sysselsetjinga låg blant dei med utdanning innan samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag, samt naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag.

I gruppa seniorar med høgare utdanning til og med fire år, var 52,4 prosent av kvinnene og 60,7 prosent av mennene sysselsette i 2006. For dei som hadde utdanning på dette nivået auka sysselsetjinga med 1,0 prosentpoeng for kvinner og 2,3 prosentpoeng for menn frå 2002 til 2006. For kvinnene var det flest sysselsette fysioterapeutar og blant dei med utdanning frå samfunnsfag og juridiske fag og økonomisk administrative fag. Det var færrest sysselsette kvinner blant allmennlærarar og sjukepleiarar. Blant kvinnelege allmennlærarar var berre 43,7 prosent sysselsette i 2006. I gruppa menn med høgare utdanning til og med fire år var det færrest sysselsette blant dei med polititdanning. Dette skuldast truleg at politiet har ei særaldersgrense for pensjon. Likevel er om lag halvparten av menn med polititdanning sysselsette når dei er i alderen 62–66 år. Også blant mannlige allmennlærarar var det få sysselsette, 55,7 prosent i 2006. Blant menn med høgare utdanning til og med fire år er det faggruppa økonomisk administrative fag som skil seg ut med høg sysselsetjing. Høgast sysselsetjing blant menn finn vi i gruppa ingeniørutdanningar innan bygg- og anleggsfaga.

Både kvinner og menn med høgare utdanning over fire år har fleire sysselsette seniorar enn dei med lågare utdanningsnivå. I denne gruppa var 70,6 prosent av kvinnene og 76,8 prosent av mennene sysselsette i 2006. Frå 2002 til

Figur 2:

Sysselsette etter utdanningsnivå blant kvinner og menn i alderen 62–66 år, 2002 og 2006. Prosent.



KJELDE: NAV, SSB

2006 auka sysselsetjinga med 2,1 prosentpoeng blant dei kvinnelege seniorane med utdanning på dette nivået. For menn var auken tilsvarende 2,3 prosentpoeng. Flest sysselsette kvinner på dette nivået finn vi i 2006 blant lækjarar og innan juridiske fag og samfunnsfag, medan sysselsetjinga er lågast blant kvinner med økonomisk/administrativ utdanning. Blant menn er sysselsetjinga høgast for dei med utdanning innan helse-, sosial- og idrettsfag. Menn med lækjarutdanning har svært høg sysselsetjing, i 2006 var 92,1 prosent av dei mannlige seniorane med lækjarutdanning sysselsette. Også menn med utdanning som tannlækjar og utdanningar innan dei juridiske faga har mange sysselsette i denne aldersgruppa. Færrest sysselsette menn på dette utdanningsnivået finn vi blant dei med utdanning frå økonomisk/administrative fag og innan faggruppa lærarutdanning og pedagogikk.


FLEST UFØRE BLANT DEI MED LÅGARE UTDANNING

Prosentdelen som er uføre i alderen 62–66 år minka frå 2002 til 2006. I 2002 var 42,8 prosent av kvinnene i denne aldersgruppa uføretrygda. I 2006 var det tilsvarende talet 41,6 prosent. Blant kvinner var det berre i gruppene med ukjent utdanning og høgare utdanning (bortsett frå forskarutdanning), at prosentdelen uføre minka. Prosentdelen uføre menn i denne aldersgruppa minka frå 35,0 prosent til 31,7 prosent frå 2002 til 2006. Det var ein nedgang i prosentdelen uføre menn på alle utdanningsnivå så nær som dei med forskarutdanning og dei med ukjent utdanning. Både blant kvinner og menn er det klart flest uføre i gruppa med utdanning på grunnskolenivå, og prosentdelen uføre minkar med aukande utdanning.

Tabell 3 viser uføre i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå og type utdanning for kvinner og menn i alderen 62–66 år i 2002 og 2006. I gruppa kvinner med vidaregåande utdanning auka prosentdelen uføretrygda frå 38,0 prosent i 2002 til 38,5 prosent i 2006. Høgast prosentdel uføre finn vi blant dei med utdanning innan naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, der 44,2 prosent av kvinnene i 2006 er uføre. Også blant kvinner med utdanning innan helse- og sosialfag er det mange uføre, i 2006 gjeld dette 44,5 prosent av dei kvinnelege hjelpepleiarane. Færrest uføre finn vi blant dei med utdanning frå allmenne fag.

Frå 2002 til 2006 gjekk prosentdelen uføre blant menn med utdanning på vidaregåande nivå ned frå 33,0 prosent til 31,1 prosent. Flest uføre menn i 2006 finn vi blant dei med utdanning innan helse- og sosialfag. Det er likevel svært få menn med utdanning frå dette fagfeltet. Blant menn med utdanning innan naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, ei faggruppe som omfattar nes-

Figur 3:
Uføretrygda i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå, kvinner og menn i alderen 62–66 år, 2002 og 2006.



KJELDE: NAV, SSB

ten halvparten av dei mannlige seniorane med utdanning på vidaregåande nivå i 2006, er det også høg prosentdel uføretrygda. I denne faggruppa er det særleg blant dei som er utdanna tømrarar at det er mange uføre, 39,3 prosent av dei mannlige tømrrarane var uføre i 2006.

Blant kvinnelege seniorar med høgare utdanning til og med fire år, var 30,1 prosent uføre i 2002, i 2006 var denne prosentdelen redusert til 29,0. Flest uføre finn vi i gruppa med utdanning innan helse-, sosial- og idrettsfag, der 32,4 prosent av kvinnene i 2006 var uføre. Blant kvinnene med utdanning på dette nivået skil grunnutdanning i sjukepleie seg ut som ei utdanning med mange uføre kvinnelege seniorar. Også innan undervisningsfaga finn vi mange uføre kvinner, særleg blant allmennlærar. Færrest uføre kvinner på dette utdanningsnivået i 2006 finn vi blant fysioterapeutar og blant dei med utdanning frå naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag.

Også prosentdelen uføre blant menn med til og med fire års høgare utdanning gjekk ned frå 2002 til 2006. 19,9 prosent av mennene på dette utdanningsnivået var uføre i 2002, i 2006 var uføreprosenten minka til 18,5. I 2006 er det flest uføre menn innan humanistiske og estetiske fag og innan undervisningsfaga. Færrest uføre finn vi blant dei med politifagleg utdanning, men også innan einskilde ingeniørfag er det relativt sett få uføre.

Prosentdelen seniorar som er uføre er lågare for dei som har meir enn fire år med høgare utdanning, særleg blant menn. Blant dei kvinnelege seniorane på dette utdannings-

nivået er 18,5 prosent uføre i 2002, og tilsvarende 17,0 prosent i 2006. Blant mennene på dette utdanningsnivået er uføreraten 9,8 prosent i 2002 og 9,3 prosent i 2006. Kvinnelege tannlækjarar og kvinner med utdanning frå lærarutdanningar og pedagogikk har høgast prosentdel uføre på dette utdanningsnivået i 2006, medan det er færrest uføretrygda kvinner blant dei med utdanning frå juridiske fag og naturvitskaplege fag. Flest uføre menn finn vi blant dei med utdanning i faggruppa lærarutdanningar og pedagogikk. Færrest uføre menn på dette utdanningsnivået finn vi innan natuvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, og blant dei med juridisk og samfunnsfagleg utdanning.

AFP ER VANLEGAST BLANT DEI MED HØGARE UTDANNING TIL OG MED FIRE ÅR


Figur 4 viser at det både i 2002 og i 2006 er flest AFP-mottakarar blant dei med til og med fire års høgare utdanning, dette gjeld for begge kjønn. Det er flest menn som er AFP-mottakarar, men medan prosentdelen menn med AFP gjekk ned frå 2002 til 2006, var det ein auke blant kvinner. I 2002 hadde 20,5 prosent av alle menn i alderen 62–66 år AFP, i 2006 var denne raten minka til 19,7. Tilsvarende hadde 14,8 prosent av dei kvinnelege seniorane AFP i 2002, dette hadde auka til 16,6 prosent i 2006. Auken i kvinnelege AFP-mottakarar skuldast aukande sysselsetjing blant kvinner og at fleire kvinner difor har rett til AFP.

Tabell 4 viser AFP-mottakarar i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå og utdanningstype blant kvinner og menn i alderen 62–66 år i 2002 og i 2006.

Blant alle seniorane med utdanning på vidaregåande nivå var 16,6 prosent av kvinnene, og 20,0 prosent av mennene, AFP-mottakarar i 2006. Blant kvinner er det i 2006 flest AFP-mottakarar i utdanningsgruppene økonomisk administrative fag og blant dei med allmennfagleg utdanning. Færrest kvinnelege AFP-mottakarar finn vi blant dei med utdanning innan primærnæringsfaga. For menn med utdanning på vidaregåande nivå finn vi flest AFP-mottakarar innan naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. Særleg er det mange AFP-mottakarar blant menn med utanning innan røyrliggjarfaga.

I gruppa med til og med fire år med høgare utdanning finn vi flest AFP-mottakarar. 26,5 prosent av kvinnene på dette utdanningsnivået har AFP i 2002, denne prosentdelen auka til 26,8 i 2006. Blant mennene på dette utdanningsnivået gjekk tilsvarende prosentdelen AFP-mottakarar ned frå 29,2 prosent i 2002 til 26,2 prosent i 2006. Både blant kvinner og menn er det dei med utdanning innan undervisningsfag som har flest AFP-mottakarar. Særleg er det mange AFP-mottakarar i faggruppa vidareutdanning for allmennlærarar og førskolelærarar. Truleg er dei fleste

Figur 4:
AFP- mottakarar i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå, kvinner og menn i alderen 62-66 år, i åra 2002 og 2006.



i denne gruppa allmennlærarar med vidareutdanning, då det er få seniorar, uansett kjønn, med førskolelærarutdanning. Også blant dei med utdanning frå naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag på dette nivået er det relativt sett mange med AFP. Blant kvinnelege sjukepleiarar med vidareutdanning er det også ein høg prosentdel AFP-mottakarar. Blant kvinner er det færrest med AFP innan økonomiske/administrative fag medan ein finn færrest AFP-mottakarar blant menn med politifagleg utdanning.

I gruppa av seniorar med meir enn fire år med høgare utdanning er det samla sett ein nedgang i prosentdelen AFP-mottakarar frå 2002 til 2006, dette gjeld både kvinner og menn. I 2002 var 23,6 prosent av kvinnene med utdanning på dette nivået mottakarar av AFP, i 2006 var det tilsvarende talet 22,1 prosent. Blant menn var det ei sterk nedgang i prosentdelen med AFP på dette utdanningsnivået, frå 22,0 prosent i 2002 til 18,3 prosent i 2006. I 2006 er det høgast prosentdel kvinnelege AFP-mottakarar blant dei med utdanning frå økonomisk/administrative fag. Færrest kvinnelege AFP-mottakarar finn vi innan juridiske fag og samfunnsfag. Blant menn er de i 2006 flest mottakarar av AFP i utdanningsgruppa humanistiske og estetiske fag og innan lærarutdanningar og pedagogikk på dette nivået. Færrest menn med AFP finn vi blant lækjarar og tannlækjarar.

MANGE TIDLEGPENSJONERTE LÆRARAR


Figur 5 viser prosentdelen av alle kvinner og menn i alderen 62–66 år som anten er uføretrygda eller AFP-mottakarar. Frå 2002 til 2006 har prosentdelen tidlegpensjonerte kvinner auka marginalt, medan det har vore ein reduksjon blant menn. Prosentdelen tidlegpensjonistar blant menn har vorte redusert på alle utdanningsnivå så nær som forskarnivå der det er få tidlegpensjonistar. Blant kvinner har prosentdelen tidlegpensjonistar auka for dei med grunnskoleutdanning og vidaregåande utdanning, medan det har vorte færre tidlegpensjonistar blant dei med høgare utdanning.

Når vi ser uføretrygd og AFP under eitt, er det framleis flest tidlegpensjonistar blant dei som ikkje har utdanning utover grunnskolen, men forskjellane mellom utdanningsnivåa er mindre enn når vi ser desse to ordningane kvar for seg. I 2006 var to av tre i alderen 62–66 år, som ikkje hadde utdanning utover grunnskolen, heilt eller delvis tidlegpensjonerte.

Tabell 5 viser summen av uføretrygda og AFP-mottakarar i prosent av alle etter utdanningstype for kvinner og menn med vidaregåande og høgare utdanning i 2002 og 2006. For kvinner er det i 2006 om lag like mange tidlegpensjonistar blant dei med utdanning på vidaregåande nivå og dei som har til og med fire år med høgare utdanning. Årsaka til dette er at det er mange tidlegpensjonistar bland dei med høgare utdanning til og med fire år innan undervisningsfag og innan helse-, sosial- og idrettsfag. Både blant kvinner og menn skil lærarutdanningane seg ut som ei utdanningsgruppe med mange tidlegpensjonerte. På vidaregåande nivå er det mange tidlegpensjonerte menn med utdanning frå naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, medan det relativt sett er få tidlegpensjonistar i denne faggruppa for dei med til og med fire år høgare utdanning.

Blant seniorar med høgare utdanning ut over fire år er det færre tidlegpensjonerte enn blant dei med utdanning på lågare nivå. Blant menn er det flest tidlegpensjonistar blant dei med utdanning frå humanistiske og estetiske fag og innan lærarutdanningar og pedagogikk. Blant kvinner med utdanning på dette nivået er det flest tidlegpensjonerte i gruppa med utdanning innan økonomisk administrative fag.

Figur 5:
Summen av personar i alderen 62 – 66 år som uføretrygda eller AFP – mottakarar i prosent av folke- mengda etter kjønn og utdanningsnivå. 2002 og 2006.



KJELDE: NAV, SSB

Tabell 1:

Type utdanning blant kvinner og menn i alderen 62–66 år med fullført utdanning på vidaregåande og høgare nivå, 2002 og 2006. Prosentvis fordelt innan kvart utdanningsnivå.

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Vidaregåande utdanning:					
Allmenne fag, inkludert musikk,dans, drama og idrettsfag		39,3 %	18,2 %	38,6 %	20,1 %
Humanistiske og estetiske fag, eksklusive musikk, dans og drama		3,9 %	1,1 %	3,8 %	0,9 %
Økonomiske og administrative fag		28,0 %	14,3 %	28,7 %	14,9 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag		2,3 %	43,3 %	2,7 %	44,2 %
Av desse:	<i>Elektrofag</i>		9,0 %		8,5 %
	<i>Maskin- og mekaniske fag</i>		14,0 %		16,0 %
	<i>Rørleggjarfag</i>		0,6 %		0,6 %
	<i>Tømrarfag</i>		2,0 %		2,0 %
	<i>Bygg og anlegg, eskl tømrar og rørleggjar</i>		5,3 %		5,2 %
	<i>Andre utdanningar innan naturvitenskaplege fag, handverksfag og teknisk fag</i>		12,4 %		11,9 %
Helse-og sosialfag		21,5 %	0,3 %	20,9 %	0,4 %
Av desse:	<i>Hjelpepleie</i>	2,9 %		3,7 %	
	<i>Andre pleie- og omsorgsfag</i>	4,4 %		4,5 %	
	<i>Andre helse og sosialfag</i>	14,2 %		12,7 %	
Primærnæringsfag		0,5 %	9,3 %	0,5 %	7,5 %
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag		4,2 %	13,3 %	4,6 %	11,7 %
Andre vidaregåande fag		0,2 %	0,2 %	0,2 %	0,3 %
Sum vidaregåande fag		100 %	100 %	100 %	100 %
Talet på personar med vidaregåande utdanning		42 105	41 811	53 450	53 077
Høgare utdanning til og med fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		10,9 %	6,0 %	11,2 %	6,7 %
Undervisningsfag		40,6 %	31,9 %	44,2 %	31,0 %
Av desse:	<i>Almennlærer</i>	9,6 %	6,5 %	10,3 %	6,4 %
	<i>Vidareutdanning for allmenn- og førskolelærarar</i>	16,6 %	12,2 %	18,6 %	12,4 %

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Samfunnsfag og juridiske fag		1,7 %	2,6 %	1,9 %	3,2 %
Økonomiske og administrative fag		4,5 %	10,7 %	5,7 %	12,4 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag		2,2 %	39,2 %	2,4 %	37,7 %
Av desse:	<i>Ingeniørutdanningar, mekaniske fag</i>		12,0 %		10,5 %
	<i>Ingeniørutdanningar, elektrofag</i>		6,5 %		6,6 %
	<i>Ingeniørutdanningar, bygg og anleggsgfag</i>		5,5 %		6,2 %
	<i>Andre ingeniørutdanningar</i>		2,7 %		2,7 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		38,9 %	2,1 %	32,9 %	2,6 %
Av desse:	<i>Grunnutdanning, sjukepleie</i>	22,3 %		16,8 %	
	<i>Vidareutdanning sjukepleie (inkl jordmor og helsesøster)</i>	8,4 %		7,0 %	
	<i>Sosialfag</i>	3,0 %		3,4 %	
	<i>Fysioterapifag</i>	2,7 %		2,1 %	
Politifag			2,6 %		2,4 %
Andre utdanningar på nivå høgare utdanning til og med fire år		1,3 %	4,8 %	1,7 %	3,9 %
Sum høgare utdanning til og med 4 år		100 %	100 %	100 %	100 %
Talet på personar med høgare utdanning til og med fire år		11909	11374	17691	16552
Høgare utdanning over fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		29,9 %	12,2 %	33,0 %	13,3 %
Av desse:	<i>Språk, litteratur og historisk filosofiske fag</i>	24,4 %	10,1 %	28,2 %	11,8 %
Lærarutdanning og pedagogikk		12,1 %	4,0 %	14,2 %	3,6 %
Juridiske fag		6,4 %	6,2 %	6,0 %	6,7 %
Samfunnsfag		6,7 %	4,0 %	9,0 %	6,6 %
Økonomisk/administrative fag inkl siviløkonom		1,4 %	7,0 %	2,1 %	7,8 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag		11,9 %	40,7 %	10,2 %	37,9 %
Av desse	<i>Sivilingeniørfag</i>		22,2 %		19,9 %
	<i>Arkitekturfag</i>		3,8 %		3,7 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		25,2 %	16,4 %	18,1 %	14,7 %
Av desse:	<i>Medisin</i>	9,9 %	9,7 %	8,8 %	9,2 %
	<i>Tannhelsefag</i>	8,3 %	5,1 %	5,0 %	4,1 %
Andre universitets- og høgskolefag over fire år		6,3 %	9,4 %	7,5 %	9,4 %
Sum høgare utdanning over 4 år		100 %	100 %	100 %	100 %
Talet på personar med høgare utdanning over 4 år		1474	6599	2400	9487

KJELDE: NAV, SSB

Tabell 2:

Sysselette i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå og type utdanning, kvinner og menn i alderen 62–66 år, 2002 og 2006.

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Vidaregåande utdanning:					
Allmenne fag, inkludert musikk, dans, drama og idrettsfag		38,3 %	52,4 %	43,9 %	56,7 %
Humanistiske og estetiske fag, eksklusive musikk, dans og drama		38,1 %	51,5 %	42,6 %	57,2 %
Økonomiske og administrative fag		40,3 %	52,2 %	43,9 %	55,0 %
Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag		37,3 %	42,9 %	40,4 %	47,0 %
Av desse:	<i>Elektrofag</i>		42,9 %		46,4 %
	<i>Maskin- og mekaniske fag</i>		41,6 %		47,0 %
	<i>Rørleggjarfag</i>		45,0 %		49,0 %
	<i>Tømrarfag</i>		44,8 %		50,6 %
	<i>Bygg og anlegg, eskl tømrar og rørleggjar</i>		46,2 %		50,4 %
	<i>Andre utdanningar innan naturvitenskapelige fag, handverksfag og teknisk fag</i>		42,4 %		45,3 %
Helse- og sosialfag		41,2 %	64,4 %	45,6 %	51,9 %
Av desse:	<i>Hjelpepleie</i>	52,3 %		51,8 %	
	<i>Andre pleie- og omsorgsfag</i>	43,4 %		48,0 %	
	<i>Andre helse og sosialfag</i>	38,2 %		43,0 %	
Primærnæringsfag		42,0 %	63,6 %	53,6 %	71,4 %
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag		33,9 %	42,8 %	40,7 %	46,6 %
Andre vidaregåande fag		38,6 %	47,6 %	41,1 %	62,1 %
Sum vidaregåande fag		39,3 %	48,0 %	44,0 %	52,1 %
Høgare utdanning til og med fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		53,8 %	59,1 %	55,9 %	58,9 %
Undervisningsfag		50,7 %	57,7 %	50,1 %	56,9 %
Av desse:	<i>Almennlærer</i>	42,7 %	54,0 %	43,7 %	55,7 %
	<i>Vidareutdanning for allmenn- og førskolelærarar</i>	53,7 %	59,4 %	51,3 %	58,1 %
Samfunnsfag og juridiske fag		58,6 %	65,8 %	61,9 %	64,7 %
Økonomiske og administrative fag		56,5 %	62,9 %	56,6 %	65,0 %
Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag		51,0 %	58,9 %	54,3 %	63,4 %
Av desse:	<i>Ingeniørutdanningar, mekaniske fag</i>		58,4 %		62,9 %
	<i>Ingeniørutdanningar, elektrofag</i>		55,3 %		59,8 %
	<i>Ingeniørutdanningar, bygg og anleggsgfag</i>		67,2 %		73,1 %
	<i>Andre ingeniørutdanningar</i>		58,0 %		58,3 %

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Helse-, sosial- og idrettsfag		50,8 %	59,7 %	53,4 %	64,7 %
Av desse:	<i>Grunnutdanning, sjukepleie</i>	47,7 %		47,8 %	
	<i>Vidareutdanning sjukepleie (inkl jordmor og helsesøster)</i>	53,1 %		53,7 %	
	<i>Sosialfag</i>	49,4 %		57,6 %	
	<i>Fysioterapifag</i>	60,9 %		73,4 %	
Politifag			49,3 %		51,8 %
Andre utdanningar på nivå høgare utdanning til og med fire år		44,8 %	48,5 %	45,5 %	54,8 %
Sum høgare utdanning til og med 4 år		51,4 %	58,4 %	52,4 %	60,7 %
Høgare utdanning over fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		66,4 %	75,6 %	67,6 %	74,2 %
Av desse:	<i>Språk, litteratur og historisk filosofiske fag</i>	67,7 %	77,5 %	68,3 %	74,4 %
Lærarutdanning og pedagogikk		74,3 %	67,0 %	71,8 %	74,0 %
Juridiske fag		69,5 %	78,2 %	79,7 %	82,9 %
Samfunnsfag		77,8 %	73,6 %	78,6 %	80,0 %
Økonomisk/administrative fag inkl siviløkonom		57,1 %	71,5 %	52,9 %	72,5 %
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag		61,9 %	72,1 %	70,9 %	75,9 %
Av desse	<i>Sivilingeniørfag</i>		69,8 %		76,4 %
	<i>Arkitekturfag</i>		75,8 %		82,5 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		68,7 %	86,1 %	71,5 %	88,8 %
Av desse:	<i>Medisin</i>	77,4 %	88,9 %	80,0 %	92,1 %
	<i>Tannhelsefag</i>	59,8 %	81,3 %	60,5 %	85,5 %
Andre universitets- og høgskolefag over fire år		69,9 %	66,0 %	67,4 %	63,6 %
Sum høgare utdanning over fire år		68,5 %	74,5 %	70,6 %	76,8 %

KJELDE: NAV, SSB

Tabell 3:

Uføre i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå og type utdanning, kvinner og menn i alderen 62–66 år, 2002 og 2006.

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Vidaregåande utdanning:					
Allmenne fag, inkludert musikk, dans, drama og idrettsfag		36,5 %	30,2 %	36,4 %	28,0 %
Humanistiske og estetiske fag, eksklusive musikk, dans og drama		39,1 %	35,1 %	41,6 %	32,5 %
Økonomiske og administrative fag		37,1 %	32,0 %	37,1 %	29,5 %
Naturvitenskapelige fag, handverksfag og tekniske fag		43,5 %	36,3 %	44,2 %	34,4 %
Av disse:	<i>Elektrofag</i>		30,5 %		28,7 %
	<i>Maskin- og mekaniske fag</i>		35,5 %		33,1 %
	<i>Rørleggjarfag</i>		39,0 %		37,0 %
	<i>Tømrarfag</i>		42,2 %		39,3 %
	<i>Bygg og anlegg, eskl tømrar og rørleggjar</i>		39,2 %		36,3 %
	<i>Andre utdanningar innan naturvitenskapelige fag, handverksfag og teknisk fag</i>		39,0 %		38,7 %
Helse-og sosialfag		41,5 %	27,1 %	42,8 %	40,7 %
Av disse:	<i>Hjelpepleie</i>	47,4 %		44,5 %	
	<i>Andre pleie- og omsorgsfag</i>	41,2 %		40,3 %	
	<i>Andre helse og sosialfag</i>	40,4 %		43,2 %	
Primærnæringsfag		34,8 %	31,8 %	43,3 %	31,6 %
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag		36,8 %	28,1 %	38,6 %	25,2 %
Andre vidaregåande fag		25,7 %	34,0 %	36,4 %	31,0 %
Sum vidaregåande fag		38,0 %	33,0 %	38,5 %	31,1 %
Høgare utdanning til og med fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		23,0 %	23,7 %	22,2 %	23,3 %
Undervisningsfag		30,6 %	25,1 %	29,6 %	23,2 %
Av disse:	<i>Almennlærer</i>	32,8 %	30,2 %	31,9 %	23,0 %
	<i>Vidareutdanning for allmenn- og førskolelærarar</i>	29,6 %	23,3 %	28,6 %	20,3 %
Samfunnsfag og juridiske fag		19,7 %	17,9 %	23,1 %	16,8 %
Økonomiske og administrative fag		20,1 %	17,0 %	23,9 %	16,6 %

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag		24,1 %	16,3 %	21,3 %	14,6 %
<i>Av desse:</i>	<i>Ingeniørutdanningar, mekaniske fag</i>		15,5 %		16,0 %
	<i>Ingeniørutdanningar, elektrofag</i>		13,6 %		12,2 %
	<i>Ingeniørutdanningar, bygg og anleggsgfag</i>		18,5 %		15,3 %
	<i>Andre ingeniørutdanningar</i>		16,3 %		13,7 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		33,9 %	30,3 %	32,4 %	22,0 %
<i>Av desse:</i>	<i>Grunnutdanning, sjukepleie</i>	36,8 %		36,5 %	
	<i>Vidareutdanning sjukepleie (inkl jordmor og helsesøster)</i>	31,6 %		30,3 %	
	<i>Sosialfag</i>	36,6 %		31,3 %	
	<i>Fysioterapifag</i>	18,6 %		21,2 %	
Politifag			12,1 %		10,5 %
Andre utdanningar på nivå høgare utdanning til og med fire år		22,7 %	17,6 %	27,1 %	20,3 %
Sum høgare utdanning til og med 4 år		30,1 %	19,9 %	29,0 %	18,5 %
Høgare utdanning over fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		18,6 %	13,3 %	17,3 %	13,2 %
<i>Av desse:</i>	<i>Språk, litteratur og historisk filosofiske fag</i>	18,1 %	12,4 %	16,6 %	13,4 %
Lærarutdanning og pedagogikk		22,3 %	16,5 %	20,0 %	14,3 %
Juridiske fag		15,8 %	6,1 %	12,6 %	8,7 %
Samfunnsfag		10,1 %	12,5 %	15,3 %	8,7 %
Økonomisk/administrative fag inkl siviløkonom		23,8 %	11,7 %	17,6 %	9,2 %
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag		18,8 %	8,5 %	15,2 %	8,2 %
<i>Av desse:</i>	<i>Sivilingeniørfag</i>		7,9 %		7,2 %
	<i>Arkitekturfag</i>		10,9 %		8,6 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		20,2 %	10,5 %	18,2 %	8,9 %
<i>Av desse:</i>	<i>Medisin</i>	21,2 %	8,9 %	17,1 %	8,9 %
	<i>Tannhelsefag</i>	23,0 %	13,1 %	26,1 %	8,9 %
Andre universitets- og høgskolefag over fire år		14,0 %	6,6 %	15,5 %	8,2 %
Sum høgare utdanning over fire år		18,5 %	9,8 %	17,0 %	9,3 %

KJELDE: NAV, SSB

Tabell 4:

AFP-mottakarar i prosent av alle etter utdanningsnivå og type utdanning, kvinner og menn i alderen 62–66 år, 2002 og 2006.

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Vidaregåande utdanning:					
Allmenne fag, inkludert musikk,dans, drama og idretts-fag		15,1 %	18,0 %	16,4 %	18,9 %
Humanistiske og estetiske fag, eksklusive musikk, dans og drama		11,4 %	15,2 %	13,3 %	13,2 %
Økonomiske og administrative fag		17,2 %	21,1 %	18,2 %	21,4 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag		16,3 %	23,8 %	15,7 %	23,0 %
<i>Av desse:</i>	<i>Elektrofag</i>		24,5 %		24,9 %
	<i>Maskin- og mekaniske fag</i>		24,2 %		22,6 %
	<i>Rørleggjarfag</i>		26,4 %		27,6 %
	<i>Tømrarfag</i>		19,8 %		20,5 %
	<i>Bygg og anlegg, eskl tømrar og rørleggjar</i>		21,8 %		22,6 %
	<i>Andre utdanningar innan naturvitenskaplege fag, handverksfag og teknisk fag</i>		24,3 %		22,3 %
Helse-og sosialfag		14,3 %	22,9 %	15,7 %	13,1 %
<i>Av desse:</i>	<i>Hjelpepleie</i>	15,1 %		16,0 %	
	<i>Andre pleie- og omsorgsfag</i>	16,5 %		17,7 %	
	<i>Andre helse og sosialfag</i>	13,4 %		14,9 %	
Primærnæringsfag		7,7 %	13,6 %	7,6 %	12,5 %
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag		12,9 %	14,4 %	16,1 %	14,5 %
Andre vidaregåande fag		11,9 %	20,4 %	10,9 %	13,1 %
Sum vidaregåande fag		15,3 %	20,1 %	16,6 %	20,0 %
Høgare utdanning til og med fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		19,3 %	25,8 %	21,6 %	22,8 %
Undervisningsfag		32,3 %	40,0 %	32,9 %	37,2 %
<i>Av desse:</i>	<i>Almennlærer</i>	33,9 %	36,3 %	34,3 %	37,2 %
	<i>Vidareutdanning for allmenn- og førskolelærarar</i>	34,8 %	43,9 %	35,2 %	42,0 %
Samfunnsfag og juridiske fag		29,8 %	25,9 %	23,1 %	23,2 %
Økonomiske og administrative fag		18,3 %	18,9 %	20,9 %	17,6 %

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag		30,0 %	28,3 %	23,4 %	24,3 %
<i>Av desse:</i>	<i>Ingeniørutdanningar, mekaniske fag</i>		28,2 %		22,5 %
	<i>Ingeniørutdanningar, elektrofag</i>		32,8 %		27,3 %
	<i>Ingeniørutdanningar, bygg og anleggsgfag</i>		25,0 %		19,9 %
	<i>Andre ingeniørutdanningar</i>		33,0 %		28,7 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		23,5 %	18,5 %	22,2 %	19,5 %
<i>Av desse:</i>	<i>Grunnutdanning, sjukepleie</i>	24,0 %		22,1 %	
	<i>Vidareutdanning sjukepleie (inkl jordmor og helsesøster)</i>	27,8 %		24,8 %	
	<i>Sosialfag</i>	19,6 %		23,0 %	
	<i>Fysioterapifag</i>	16,1 %		12,8 %	
Politifag			5,7 %		2,0 %
Andre utdanningar på nivå høgare utdanning til og med fire år		11,0 %	11,9 %	17,1 %	12,8 %
Sum høgare utdanning til og med 4 år		26,5 %	29,2 %	26,8 %	26,2 %
Høgare utdanning over fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		29 %	35 %	28 %	30 %
<i>Av desse:</i>	<i>Språk, litteratur og historisk filosofiske fag</i>	29,2 %	33,8 %	29,1 %	30,4 %
Lærarutdanning og pedagogikk		26,8 %	35,6 %	22,9 %	24,9 %
Juridiske fag		18,9 %	13,6 %	10,5 %	8,9 %
Samfunnsfag		24,2 %	17,0 %	10,7 %	16,5 %
Økonomisk/administrative fag inkl siviløkonom		19,0 %	14,5 %	29,4 %	12,8 %
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag		28,4 %	25,3 %	27,0 %	20,7 %
<i>Av desse:</i>	<i>Sivilingeniørfag</i>		23,9 %		18,3 %
	<i>Arkitekturfag</i>		14,5 %		8,3 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		17,0 %	10,1 %	17,2 %	8,7 %
<i>Av desse:</i>	<i>Medisin</i>	8,9 %	9,8 %	11,0 %	5,9 %
	<i>Tannhelsefag</i>	14,8 %	6,5 %	16,0 %	6,6 %
Andre universitets- og høgskolefag over fire år		14,0 %	19,2 %	19,3 %	17,6 %
Sum høgare utdanning over 4 år		23,6 %	22,0 %	22,1 %	18,3 %

KJELDE: NAV, SSB

Tabell 5:

Summen av talet på uføretrygda og AFP-mottakarar i prosent av folkemengda etter utdanningsnivå og type utdanning, kvinner og menn i alderen 62–66 år. 2002 og 2006.

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Vidaregåande utdanning:					
Allmenne fag, inkludert musikk, dans, drama og idrettsfag		51,7 %	48,2 %	52,8 %	46,8 %
Humanistiske og estetiske fag, eksklusive musikk, dans og drama		50,5 %	50,3 %	54,9 %	45,7 %
Økonomiske og administrative fag		54,3 %	53,1 %	55,3 %	50,9 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag		59,8 %	60,1 %	59,8 %	57,4 %
Av desse:	<i>Elektrofag</i>		54,9 %		53,6 %
	<i>Maskin- og mekaniske fag</i>		59,8 %		55,7 %
	<i>Rørleggjarfag</i>		65,4 %		64,5 %
	<i>Tømrarfag</i>		62,0 %		59,8 %
	<i>Bygg og anlegg, eskl tømrar og rørleggjar</i>		61,0 %		58,8 %
	<i>Andre utdanningar innan naturvitenskaplege fag, handverksfag og teknisk fag</i>		63,4 %		61,0 %
Helse- og sosialfag		55,8 %	50,0 %	58,5 %	53,7 %
Av desse:	<i>Hjelpepleie</i>	62,5 %		60,5 %	
	<i>Andre pleie- og omsorgsfag</i>	57,6 %		58,0 %	
	<i>Andre helse og sosialfag</i>	53,9 %		58,1 %	
Primærnæringsfag		42,5 %	45,3 %	51,0 %	44,1 %
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag		49,7 %	42,5 %	54,7 %	39,7 %
Andre vidaregåande fag		37,6 %	54,4 %	47,3 %	44,1 %
Sum vidaregåande fag		53,3 %	53,1 %	55,0 %	51,1 %
Høgare utdanning til og med fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		42,2 %	49,5 %	43,8 %	46,1 %
Undervisningsfag		62,9 %	65,1 %	62,6 %	60,4 %
Av desse:	<i>Almennlærer</i>	66,8 %	66,5 %	66,2 %	60,2 %
	<i>Vidareutdanning for allmenn- og førskolelærarar</i>	64,4 %	67,2 %	63,8 %	62,3 %
Samfunnsfag og juridiske fag		49,5 %	43,9 %	46,2 %	40,0 %
Økonomiske og administrative fag		38,4 %	36,0 %	44,8 %	34,3 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag		54,1 %	44,7 %	44,7 %	38,9 %
Av desse:	<i>Ingeniørutdanningar, mekaniske fag</i>		43,7 %		38,5 %
	<i>Ingeniørutdanningar, elektrofag</i>		46,5 %		39,6 %
	<i>Ingeniørutdanningar, bygg og anleggsfag</i>		43,5 %		35,2 %
	<i>Andre ingeniørutdanningar</i>		49,4 %		42,4 %

		Kvinner 2002	Menn 2002	Kvinner 2006	Menn 2006
Helse-, sosial- og idrettsfag		57,4 %	48,7 %	54,6 %	41,5 %
Av desse:	<i>Grunnutdanning, sjukepleie</i>	60,8 %		58,6 %	
	<i>Vidareutdanning sjukepleie (inkl jordmor og helsesøster)</i>	59,4 %		55,1 %	
	<i>Sosialfag</i>	56,1 %		54,2 %	
	<i>Fysioterapifag</i>	34,7 %		34,0 %	
Politifag			17,8 %		12,5 %
Andre utdanningar på nivå høgare utdanning til og med fire år		33,8 %	29,5 %	44,1 %	33,1 %
Sum høgare utdanning til og med fire år		56,6 %	49,2 %	55,8 %	44,7 %
Høgare utdanning over fire år:					
Humanistiske og estetiske fag		47,7 %	48,6 %	45,5 %	43,0 %
Av desse:	<i>Språk, litteratur og historisk filosofiske fag</i>	47,4 %	46,3 %	45,7 %	43,8 %
Lærarutdanning og pedagogikk		49,2 %	52,1 %	42,9 %	39,2 %
Juridiske fag		34,7 %	19,7 %	23,1 %	17,6 %
Samfunnsfag		34,3 %	29,4 %	26,0 %	25,2 %
Økonomisk/administrative fag inkl siviløkonom		42,9 %	26,1 %	47,1 %	22,0 %
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag		47,2 %	33,9 %	42,2 %	28,8 %
Av desse:	<i>Sivilingeniørfag</i>		31,8 %		25,5 %
	<i>Arkitekturfag</i>		25,4 %		16,9 %
Helse-, sosial- og idrettsfag		37,2 %	20,6 %	35,4 %	17,6 %
Av desse:	<i>Medisin</i>	30,1 %	18,7 %	28,1 %	14,7 %
	<i>Tannhelsefag</i>	37,7 %	19,6 %	42,0 %	15,6 %
Andre universitets- og høgskolefag over fire år		28,0 %	25,8 %	34,8 %	25,7 %
Sum høgare utdanning over fire år		42,1 %	31,9 %	39,1 %	27,6 %

KJELDE: NAV, SSB